

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 30.08.2015
SAKSHANDSAMAR: Terje Arne Krokvik
SAKA GJELD: **Tilskotsforvaltning private ideelle**

ARKIVSAK: 2014/1089
STYRESAK: **092/15**

STYREMØTE: **21.09. 2015**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saka til orientering

Oppsummering

I styremøte den 8/12-2014 blei det under sak 126/14 Administrerande direktør si orientering pkt. 4 gitt ei utgreiing av eit prosjekt knytt til tilskotsforvaltning private ideelle institusjonar. Formålet var å få større tryggleik for at tilskot som blir betalt til dei aktuelle institusjonane faktisk går til det tiltenkte formålet.

Det vart som eit resultat av dette arbeidet gitt ei rekke forslag til tiltak for å auke tryggleiken for at tilskota blir brukt til det formål dei var tiltenkt. Desse tiltaka var:

1. Meir målretta og detaljert oppfølging av tilskotsmottakarane sine finansielle nøkkeltal
2. Tettare involvering av tilskotsmottakarane sin drift
3. Føringar knytt til tilskotsmottakaranes selskapsform

I tillegg har den enkelte institusjon fått konkret forslag til forbetringstiltak med basis i dei svakheiter og manglar i internkontroll som blei avdekka i prosjektet. Fleire av desse svakheitene og manglane blei retta opp eller tatt fatt i gjennom prosjektet eller rett i etterkant av prosjektet.

Helse Vest har gjennom våren 2015 gjennomført besøk hos alle dei aktuelle institusjonane for å få ein status på arbeidet som er gjort i den enkelte institusjonen med tanke på forbetringstiltak som blei føreslått i prosjektet.

Fakta

Som ein oppfølging av arbeidet som blei gjort i prosjektet og forslag til tiltak som blei omtala i rapportane frå prosjektet, har Helse Vest våren 2015 gjennomført ein besøksrunde hos dei aktuelle institusjonane. Det blei i desse møte drøfta korleis dei opplevde prosessen internt i institusjonen samt korleis dei har fylgt opp dei konkrete forslag til forbetringstiltak som blei omtala i dei respektive rapportane frå prosjektet.

Gjennomgangstonen her var at dette var ein god og nyttig prosess som sette fokus på viktige område og som ga leiinga ytterlegare fokus på internkontroll. Institusjonane har og i ein eller anna form involvert/informert sine respektive styre i etterkant av prosjektet samt gjennomgått dei forbetringstiltaka som vart føreslått i rapportane.

Når det gjeld dei konkrete forbetringstiltaka som blei føreslått for institusjonane blei fleire av desse tatt fatt i med ein gong. Samtidig viser besøksrunden at det er viktig med ein oppfølging frå Helse Vest sin side då det er litt variasjon i kva grad ein har klart å implementere dei føreslåtte forbetringstiltaka. Fleire av institusjonane har komme godt i gang og har gjort konkrete endringar og forbetringar av rutinar, medan andre er i prosess og har forsett eit arbeid igjen. Helse Vest har gjennom besøksrunden også forsøkt å bringe vidare gode løysingar og idear mellom institusjonane.

På nokon av områda som går igjen som ein svakheit hos alle, vil institusjonane forsøke å finna løysingar i samarbeid.

Når det gjeld målretta og detaljert oppfølging av finansielle nøkkeltal samt tettare involvering av tilskotsmottakaranes drift, er dette eit forhold som Helse Vest vil jobbe vidare med, med tanke på å finne ein fornuftig balanse mellom grad av involvering og samtidig oppretthalde ein «arm-lengdes» avstand i forhold til at institusjonane faktisk har eit sjølvstendig ansvar for verksemda.

I første omgang ser ein for seg at årsrekneskapen for dei aktuelle institusjonane blir gjennomgått og inngår som tema i dei årlege drøftingsmøta i forhold til bestilling. Eventuelle problemstillingar kan då takast opp i desse møta dersom det ikkje er forhold som tilseier ein raskare oppfølging.

Med tanke på tettare involvering av tilskotsmottakarane si drift, er administrerande direktør av den oppfatning at dette kan bidra til å skape uklare ansvarsforhold i forhold til at institusjonane faktisk har eit sjølvstendig ansvar for verksemda. Her vil val av selskapsform sannsynlegvis vere eit betre virkemiddel, der aksjeselskap f.eks. har lover og regler knytt opp til styring og kontroll av verksemda.

Av dei sju institusjonane som det her er snakk om er fire organisert som aksjeselskap. Dei tre institusjonane som ikkje er organisert som aksjeselskap, skal alle vurdere andre selskapsformer, då fortrinnsvis aksjeselskap. Stiftelsen Betanien vil gjere ein slik vurdering i løpet av 2016, medan Voss DPS NKS Bjørkeli og Solli DPS vil gjere ein tilsvarande vurdering utan at det er sett nokon tidsplan for det.

Administrerande direktør vil her gi sin støtte til at institusjonane vel ein organisasjonsform som aksjeselskap då dette sannsynlegvis vil ivareta ein best mogeleg styring og kontroll i institusjonane.

Konklusjon

Dei aktuelle institusjonane opplevde gjennomgangen i prosjektet som positiv og har tatt fatt i fleire av forbetringstiltaka som blei føreslått. Det er likevel eit stykke arbeid igjen før alle forbetringstiltaka er implementert. Det er derfor viktig at Helse Vest følgjer opp dette arbeidet i møter med dei private ideelle, og eventuelt bidrar til å spreie gode idear til løysing på ulike tiltak som dei einskilde institusjonane har utvikla. Det er og viktig at årsrekneskapen blir gjennomgått og tatt inn som tema i dei årlege bestillingsmøta med dei private ideelle. Administrerande direktør vil og gi sin tilslutning til at aksjeselskap blir den føretrekte organisasjonsform for dei private ideelle.